



- Vi har hatt toalett med dusj for funksjonshemma sidan på 1970-talet, seier Magne Heggøy, til opplysning for kommunen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Kvifor kan ikkje kommunen hjelpa oss og innleie ein dialog i staden for å utløysa stadig fleire problem?

Det spør vertskapet på Rabben Camping i Uskedalen framfor handsaminga av klagesaken deira i forvaltningskomiteen onsdag. Dei er skuffa og forundra over fleire opplysningar i saksframlegget.

Steinar Myklebust la inn klage tidleg i haust over at det er gjeve mellombels forbod mot deling og byggjing til det føreligg reguleringsplan. Han viste til behovet for vøling av sanitærbygget som er i så dårlig stand at vertskapet fryktar omsetningssvikt. Men administrasjonen i kommunen seier nei til klaga.

Eit framlegg til reguleringsplan er no sendt over til kommunen, men vertskapet på Rabben finn liten trøyst i det. - Det er all grunn til å tru at det kjem klage. Handsaminga av planen vil difor sikkert ta fleire år og i den tida vil vi framleis vera bundne på hender og føter. Vi har planar om ei naudsynt oppgradering som ikkje kan gjennomførast før planen er godkjent. Konkurransen i denne bransjen er hard og det gjeld å hengja med, seier Magne Heggøy.

Vertskapet har ikkje minst reagert på ein opplysning frå saksbehandlaren om at sanitæranlegget ikkje stettar krava for funksjonshemma.

- Vi har hatt toalett for funksjonshemma heilt sidan sanitærbygget vart reist på 1970-talet. Like lenge har det vore dusj der og nyleg er toalettet flislagt. Vi forstår ikkje kva saksbehandlaren meiner med at anlegget ikkje stettar krava. Han kunne i det minste ha vore på synfaring her og fortald oss det, seier Heggøy.

Han er også forundra og skuffa over at innstillinga frå administrasjonen er så negativ, for han har tidlegare registrert ein positiv reaksjon frå høgt hald i administrasjonen med omsyn til ei vøling av sanitærbygget.

- Men planen om ein "overetasje" på sanitærbygget - med ei mogelegg bueing - har også skapt problem?

- Det er ikkje så sikkert at ei bueining der er den beste løysinga. Etter kvart har vi tenkt oss at dette "loftet" kanskje heller bør bli eit møtelokale, ein internettkafe eller noko anna som kan vera eit tilbod for gjester og andre.
- Har turistane klaga på standarden?
- Nei, det har dei ikkje, men vi er ikkje stolte over standarden. Det første turistane ser etter er sanitæranlegget og vi har sett at fleire tyskarar har snudd og reist vidare, fortel Heggøy.

Av Ola Matti Mathisen